

Landbrukskonferanse i Ørsta – fredag 8.2.19

- Klimakrisa – Spikaren i kista for Vestlandsjordbruket?
- Etter jordbruksoppgjeret i 2014 – er det no utsikt for marknadsbalanse og betre lønsemd for bøndene?

Det er knapt nokon som argumenterer imot lenger – menneskeskapte utslepp av klimagassar som CO₂, metan og lystgassar til atmosfæren fører til auke av drivhuseffekten og dermed til dramatiske-/negative endringar av klimaet på jorda. Dette kan ikkje halde fram - dei menneskeskapte utsleppa av klimagassar må kraftig ned. Dette gjeld også for Noreg og norsk landbruk.

Regjeringa Solberg har sagt sitt – klimagassutsleppa frå landbruket må ned ca 15 % fram mot 2030.

Jordbruket i Noreg slepp ut ca. 4,5 mill tonn klimagassar per år (norske kjelder), dvs. ca. 8 % av dei norske utsleppa. Landbruket har ansvaret for mesteparten av metan- og lystgassutsleppa, utslepp som kjem frå geit, sau og storfe og ikkje minst lagring og spreining av husdyrgjødsel. Mat frå storfe, sau og geit har blitt utpeikt som den store miljøsyndaren i landbruket – mat som vi produserer her på Vestlandet.

Raudt kjøtt har blitt eit skjellsord.

Unge kvinner og menn, gjerne av det sinte slaget, vil ha rasktverkande tiltak mot klimagassutsleppa og Oslo Unge Venstre har allereie konkludert: **Produksjon av kjøtt og andre animalske matvarer (t.d. egg og mjølk) er ein av dei største bidragsytarane til klimaendringar globalt.** Oslo Unge Venstre ynskjer ei utfasing av bruk av dyr i matproduksjonen.

Og no har den nyleg framlagde eat-rapporten konklusjonen klar både når det gjeld global matmangel og klimagassproblematikken: Vi må ete langt mindre raudt kjøtt, drikke mindre mjølk og ete langt færre egg og poteter. Kan det vestlandske jordbruket verte oppretthalde dersom vi skal fylgje rapporten, dvs. ete berre to kjøtmåltid i månaden, ete berre vel eitt egg i veka og drikke berre eitt glas mjølk om dagen? Og kva med kulturlandskapet og turismen? Vil kulturlandskapattgroinga auke i tempo om det vert færre husdyr?

Husdyr på utmarksbeite – ein uting?

Fram til dei siste åra har det vore sett på som eit stort gode – at sau, lam og storfe kan gå på utmarksbeite og gjere gras frå fjell og dalar om til menneskemat, akkurat slik vi ser det i t.d. Kvanndalen og Romedalen her i Ørsta. Og sjølv om det på Sunnmøre er uråd/vanskeleg å produsere korn til både dyrefør og menneskemat så har det vore sett positivt på at vi kan produsere gode grasavlingar som igjen kan vere med på å oppretthalde/auke matproduksjonen til menneska. Skal vi sjå bort frå dette no? For vi veit vel at kjøtt basert på i hovudsak på korn/kraftfôr, t.d. kylling og svin, er langt meir klimavennleg enn kjøtt som er produsert på gras?

Til å drøfte desse spørsmåla og ev. kome med gode løysingar og svar på problema, har landbrukskonferansen hyra inn

Ola Hedsten, adm.dir i Norsk landbrukssamvirke - <https://www.landbruk.no/>

Tony Barmann, prosjektleiar i klimasmart landbruk - https://www.slu.se/globalassets/ew/org/centrb/epok/aldre-bilder-och-dokument/publikationer/klimasmart_web.pdf

Gunnhild Sjøgaard, avdelingsleiar i Nibio - <https://www.nibio.no/> Sjøgaard vil ta opp skogen sin plass i klimarekneskapen.

Vår lokale **Michael Solhjem**, som er gardbrukar i Ørsta sentrum, vil svare på om eit lite bruk kan ha ein sjanse i den store samanhengen.

Etter pausen/lunsjen klokka 13 står det andre temaet for landbrukskonferansen på saklista:

Er det no utsikt for betre marknadsbalanse og dermed betre lønsemd i landbruket sett i lys av statsminister Erna Solberg (H) og landbruksminister Sylvi Listhaug (Frp)sitt frislepp-/kraftige tilskotsendingar i 2014?

Til å drøfte desse spørsmåla, har landbrukskonferansen hyra inn **Kjersti Hoff**, nyvald leiar i Norsk Bonde og Småbrukarlag - <http://www.smabrukarlaget.no/>

Så møter ein profilert kjempar for vestlandslandbruket, **Anders Felde**. Han er leiar i Sogn og Fjordane bondelag - <https://www.bondelaget.no/sognogfjordane/>

Og ikkje minst – vår eigen **Oddvar Mikkelsen**. Han er leiar i Møre og Romsdal bondelag - <https://www.bondelaget.no/moreogromsdal/>

Per i dag er det ikkje mogleg å produsere mat utan klimagassutslepp.

Likevel - ca. 92 % av klimagassutsleppa i Noreg kjem frå andre stadar enn landbruket. Vi veit at dei rikaste av oss-/dei familiane med høgast inntekt slepp ut absolutt mest drivhusgassar, vi veit at dei unge – også sinte unge – gjerne reiser med utsleppsomba fly og at reiseaktiviteten aukar, vi veit at det er dei yngre aldersgruppene som et mest kjøtt (nrk.no), vi veit også at Avinor satsar på at flytrafikken skal auke i åra framover og vi veit at skogen i Noreg ikkje er med i den offisielle klimarekneskapen sjølv om skogen lagrar- og brukar svært mykje co2. Likevel har landbruket greidd å manøvrere seg inn i posisjonen som klimaversting. Kvifor? Er det fordi vi bønder har vore dumme nok til ikkje å bry oss nok om å informere om norsk matproduksjon? Eller er svaret så enkelt at vi som produserer mat - særleg raudt kjøtt, mjølk og egg verkeleg - er klimaverstingar og bør slutte med matproduksjon snarast råd?

Og er det berre Solbergregjeringa med Erna Solberg (H) og Sylvi Listhaug(Frp) i spissen som må bere alt ansvaret for ein øydeleggande overproduksjon av nærast alle dyreslag i Noreg? Eller må også overivrige bønder, som nærast aukar produksjonen for ein kvar pris, bere sin del av ansvaret for overproduksjonen i landbruket? I alle fall – produksjonen av kjøtt og mjølk i Noreg må ned, men korleis? På landbrukskonferansen i Ørsta får vi mange svar. Meir informasjon? Ta gjerne kontakt.

Odd Bjarne Bjørndal
for arrangøren, tlf. 959 28731

Knut Hustad- for arrangøren, tlf. 959 28731
Hjørundfjord bondelag, tlf. 920 39767

